

# Kråko naturreservat

*Ein større gras- og lyngkledd holme på austsida av Huglo, liggjande ut mot Hardangerfjorden.*

**Status:** Naturreservat sidan 1987.

**Viktige fuglegrupper:** Fiskemåse, gråmåse.

**Prioriterte forvaltningsoppgåver:** I fyrste omgang oppheving av ferdslforbodet, på sikt kan truleg vernet opphevast heilt.

**Utgangspunkt for vernestatus:** Stor fiskemåsekoloni i eit område med få registrerte hekkeplassar for arten. Dessutn 15-18 par gråmåse (1980).

**1993** Gråmåse 20 ikkje-hekkande ind., siland 5 ind.

**1994** Ingen fiskemåsar hekka. Holmen fungerer meir som ein kvileplass for sjøfugl enn hekkestad.

**1995** Ingen bestand av måsar eller ternar på holmen.

**1996** Ingen fast bestand.

**1997** Ingen fast bestand.

**1998** Ingen fast bestand, men opptil 100 måsar nytta Kråko som kvileplass på vårparten.

**Naturtilstand:** Tilsynelatande OK.

**Registrerte predatorar:** Mink vert rapportert å vere ofte å sjå i området, likeeins kråke og ramn.

**Skilting:** 2 skada skilt (1997).

**Vurdering:** Sjøfuglane har vore fråverande frå Kråko i ei årrekke, kanskje har dei ikkje hekka her i det heile etter at naturreservatet vart etablert i 1987. Det synest såleis å vere lite poeng i å oppretthalde vernet, og det er inntil vidare heller ikkje naudsynt å bruke ressursar på oppsyn av området.

## Referanse:

Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. Gjennomgang av bestand og tilstand i samtlege sjøfuglreservat og og andre kjende sjøfuglkoloniar i fylket, med framlegg om framtidig forvaltningsstrategi. - Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport nr. 2/1999. 105 s. + vedlegg.